

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	23.06.2025
Møtetid:	09:00 - -11:30
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Terje Håland	leder	AP	
Bjarte Næss	medlem	SP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Linda Brandtun	medlem	U	
Inger Lise Brekke	medlem	H	
Helge Dyrkolbotn	medlem	U	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Lisbeth Oen	MEDL	INP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 25/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 26/2025	Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 4. juni 2025	
PS 27/2025	Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ	

PS 25/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 25/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 23.06.2025

Handsaming:

Vedtak i sak 25/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 23.06.2025

PS 26/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 4. juni 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 4. juni 2025 vert godkjent.

Sak 26/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 4. juni 2025
Levekårsutvalet - 23.06.2025

Handsaming:

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 26/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 4. juni 2025
Levekårsutvalet - 23.06.2025

Møteprotokollen frå 4. juni 2025 vart godkjent.

PS 27/2025 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at ein går vidare med tomtealternativ 1 for nybygg, i tråd med rapport frå Sweco og mogelegheitsstudie frå PWC, i første omgang kun med det det arealet kommunen sjølv eig. Dette i tillegg til tomt 4: tilbygg og rehabilitering av Nordliheimen, for vidare arbeid med skisseprosjekt.

Sak 24/2025 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ
Levekårsutvalet - 04.06.2025

Handsaming:

Sweco v/ Liv Marit Haraldsrud og Knut Havnen Johansen presenterte rapporten "Austrheim kommune nytt helse og omsorgssenter: Analyse av tomt 5 sammenlignet med tomt 1". 2024-rapporten frå PWC omhandla fem alternative tomter. I Sweco sin rapport går ein meir i premissane for tomt 5 ved Austrheimhallen og samanlikning med tomt 1 ved Mastrevik brannstasjon.

Avklaring frå Sweco i møte om alternativ veg fram til tomt 5: vegen er lagt slik grunna myrområde.

Utvalsleiar Terje Håland (Ap) peika på at tomt 4 framleis er eit alternativ som er med i vurderingane som skal gjerast her i kommunen, og oppmoda til ei drøftingsrunde i levekårsutvalet før vedtak vert gjort. Rapporten og saka vart diskutert. Desse tok ordet i saka: Helge Dyrkolbotn, Linda Bradtun, Rene Semmingsen og Per Lerøy.

Det vart stilt spørsmål om saka burde vore til uttale i Eldrerådet, Ungdomsrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne før Levekårsutvalet gjer vedtak.

Utvalsleiar Terje Håland (Ap): I denne saka er Levekårsutvalet ei styringsgruppe, vi skal gjere ei grundig analyse og danne eit godt grunnlag før tilrådinga frå utvalet, og innspel frå råda

bør vere med i grunnlaget.

Framlegg til vedtak i møte:

Levekårsutvalet som styringsgruppe utsett saka til rapporten har vore presentert i Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonevne og Ungdomsrådet slik at dei kan uttale seg. Administrasjon og leiar i levekårsutvalet deltek i medverknadsråda sine møte. Levekårsutvalet som styringsgruppe skal delta i møte med Sweco for forventingsavklaring i skisseprosjektet i begge alternativ.

Utvalsleiar refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet: Samrøystes

Vedtak i sak 24/2025 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ

Levekårsutvalet - 04.06.2025

Sak 27/2025 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ

Levekårsutvalet - 23.06.2025

Handsaming:

Kommunalsjef helse og omsorg, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om konkurransegrunnlaget som er brukt i samband med arbeidet, for å gje ei forståing av kva oppdrag konsulentane i Sweco har svara på.

Inger-Lise Brekke spurte om det er teke høgde for kva det kan medføra av krav til veg og tilkomst for dei ulike alternativa for nybygg, her svara kommunalsjef Bjarte Rosenlund at dette er ein risiko ved alle alternativa.

Terje Håland spurte om det er tilsvarande moglegheit for krav til tilkomst om ein bygger nytt på dagens tomt, her svara kommunalsjef Bjarte Rosenlund at det er ein lågare risiko her sidan det er godkjent avkjøring i dag, utan at ein har gått heilt i detalj på dette no.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at det er blir gitt ei grov kalkyle på kostnader, men ikkje heilt nøyaktig.

Johan Löfstedt frå Sweco orienterte om det arbeidet som dei har levert så langt. Jobbar no med å komplettera den rapporten som er levert tidlegare, mellom anna med meir omfattande vurderingar av tomtealternativ 1, opp mot tomtealternativ 5.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at det er sett i gang arbeidet med involvering av brukargruppene, i denne samanheng dei tilsette i dei aktuelle einingane, samt tillitsvalde og hovudverneombod. Johan Löfstedt frå Sweco supplerte om arbeidet som er gjort om brukarinvolvering/medverknad.

Inger Lise Brekke spurte om framdriftsplanen opp mot involvering i dei ulike medverknadsråda med meir, her svara Anne Hildegunn Færøy at det er mogleg at ein må leggja inn ekstramøte for å få dette til. Jobbar no med å sjå på denne framdriftsplanen.

Johan Löfstedt frå Sweco sa at det ligg i tilbudsgrunnlaget at ein skal levera i september, per no ligg det an til levering til 12. september som planlagt, men at ein må sjå på innhaldet/omfanget. Det er to parallelle skisseprosjekt med romprogram, og strategi for energi, miljø og bærekraft, med innspel frå kommunen på alt frå passivhus, bruk av tre, klimautslepp med meir. Ser at tomt 5 vil ta meir enn tomt 1, det må ein berre vera klar over.

Linda Brandtun spurte om når kommunestyret skal ta stilling til tomtevalet, her svara at Anne Hildegunn Færøy at det kan bli september men også seinare, dette må avklarast også opp mot Sweco.

Inger Lise Brekke spurte om det er teke høgde for risiko ved å bygga på myr, her svara Johan Löfstedt frå Sweco at det ligg ein risiko ved tomt 5 og vegtilknyting. Helge Dyrkolbotn spurte om det er avklara noko her med Statsforvaltar, Löfstedt svara at Statsforvaltar ikkje svarer før dei har fått varsel om planoppstart, må ev. laga planoppstart på begge to, men det kan vera eit ganske omfattande arbeid.

Renee Semmingsen spurte om det blir sett på gjenbruk av dagens bygg, Anne Hildegunn Færøy sa at det ikkje er sett på til no, Johan Löfstedt frå Sweco supplerte at ein ser frå andre prosjekt at gjenbruk betyr eit ganske omfattande arbeid, der ein brukar skalet og det elles vil framstå som eit nytt bygg. Bjarte Rosenlund sa vidare at gjenbruk kombinert med nybygg

inneber at ein riv det som ikkje skal brukast. Ved eit nybygg vil ein stå igjen med dagens bygg som må rivast, seljast eller brukast til noko anna.

Inger Lise Brekke spurte om kva erfaringar Sweco har med tilsvarande prosjekt i andre kommunar, Löfstedt svara at dei brukar dei erfaringane dei har gjort seg frå andre kommunar. Brekke følgde opp med å visa til eigne erfaringar med at rehabilitering gjev det som framstår som eit nytt bygg. Löfstedt viste til at det ein faktor å ta med seg at ei ombygging betyr at ein må ta del for del og så flytta aktiviteten, medan ved eit nybygg kan ein setta ut det heile til ein totalentreprenør og flytta dit.

Anne Hildegunn Færøy viste til at ein kan få betre inntrykk av dette med rehabilitering ved å ta ei synfaring, til dømes i Vaksdal.

Linda Brandtun spurte om kvar på tomt 5 ein vil plassera eit bygg, Löfstedt svara at både for tomt 1 og 5 vil ein bruka meir eller mindre heile tomta, medan det på tomt 1 kan byggast meir kompakt.

Det vart diskutert litt i utvalet kring tomteval og kostnader, Löfstedt svara at det treng ikkje vera store kostnader med ombygging/rehabilitering sett opp mot nybygg. For tomt 4 ser ein elles på om det er mogleg å få til eit gatetun som blir brukt av fleire, og der ein kan få gangtrafikk gjennom til og frå skular og bustader.

Helge Dyrkolbotn ba om at ein hugsar å ta med i vurderinga den kostnaden som uansett kjem med dagens bygg, dersom ein går inn for eit nybygg, for å unngå at det vert ståande i etterkant.

Inger Lise Brekke spurte om det vert sett på moglege innsparingar ved ei samlokalisering av ulike tenester, her svara Færøy at dette er noko som må telja med i utrekninga, det er mykje å henta dersom ein kan redusera stillingsbehovet.

Helge Dyrkolbotn spurte om det er tenkt noko på ei flytting av Vestlia, Her svara Færøy og Rosenlund at det ikkje er tenkt på så langt, men ein må ta med seg kva personalbehov det vil vera med plassering på ulike lokalitetar.

Det var spørsmål frå utvalet kring kapasitet for dei ulike omsorgsgruppene, her svara Færøy at dette er i endring, men at det kjem fleire eldre som må få behovet sitt dekkja på ulike sett. Ser elles at det er eit tydeleg behov for at dei ulike tenestene som skal dela personale er lokalisert slik at dei tilsette kan "gå tørrskodd" mellom tenestene.

Det var spørsmål frå utvalet om det er krav til universell utforming ved private nybygg i kommunen, dette stadfesta kommunalsjef Rosenlund.

Liv Marit Haraldsrud frå Sweco orienterte om den justerte framdriftsplanen for arbeidet framover, og leveranseplan for det Sweco skal utarbeida i samband med dette.

Bjarte Næss spurte om ein heller bør sjå vekk frå tomteval, og sjå meir på nybygg opp mot nybygg kombinert med rehabilitering. Her kommenterte Liv Marit Haraldsrud frå Sweco at ein kan sjå litt på prisar for nybygg uavhengig av tomteval, sidan kostnadene vil vera ganske like for begge tomtevala for eit nybygg. Kollega Löfstedt frå Sweco kompletterte at ein vil sjå

meir også på kostnadene dersom dagens tomt skal brukast for nybygg kombinert med rehabilitering.

Bjarte Næss ba vidare om at ein såg meir på nybygg/rehabilitering av dagens tomt opp mot prisar på nybygg, heller enn å sjå på tomteval for nybygg.

Helge Dyrkolbotn sa at det vil vera veldig forseinkande og fordyrande om ein skal til med reguleringsplan og krav frå fylke og vegvesen i samband med veg.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy viste til at det eigentleg var avgrensa til nybygg opp mot nybygg/rehabilitering, men at dette med tomt 5 kom inn i etterkant og har gitt ein ny runde.

Linda Brandtun spurte om det kan komma krav til rundkjøring også for nybygg på dagens tomt, Bjarte Rosenlund viste til at det er størst moglegheit for dette dersom ein skal til med eit heilt nytt bygg.

Inger Lise Brekke og Helge Dyrkolbotn deltok under presentasjonen frå Sweco, men gjekk før avrøystinga i denne saka. Lisbeth Oen hadde forfall, slik at det var 4 representantar som røysta her.

Det vart diskutert litt kring kostnader, administrasjonen svara ut at det ekstra utgreiingsarbeidet som er gjort no har kosta ein del. Skal ein til med grunnundersøkingar vil det kosta 500.000 - 1.000.000 kroner meir for dette.

Linda Brandtun spurte om når informasjonen blir gjort kjent, Anne Hildegunn Færøy svara at det vert gjort kjent så snart kommunen har dette. Er naturleg at det er eit nytt møte i levekårsutvalet, som styringsgruppe for dette arbeidet, før ein tek dette med seg vidare til medverknadsråda.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for å ta orienteringa til vitande

Vedtak i sak 27/2025 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering mellom tomtealternativ

Levekårsutvalet - 23.06.2025

Levekårsutvalet tok orienteringa frå Sweco til vitande. Administrasjonen kjem tilbake til vidare framdrift og møteplan for hausten, der det kan bli endringar for datoar for oppsette møte, eller nye ekstramøte.